

Mottaker  
Bakken Bygg AS  
Veslerunden 15  
3580 GEILO  
Norge

Deres ref.

Vår ref.  
20/00726-8

Dato  
04.08.2020

Delegert sak  
Utvalg for plan og utvikling

## 56/21 - Dispensasjon frå LNFR føremål i arealdelen av kommuneplanen. Igangsettingsløyve for riving av uthus og oppføring av tilbygg til bustad. Lienvegen

Byggeplass: Lienvegen 288

**Tiltakshaver:** Malene Aasen  
**Søker:** Bakken Bygg As

**Adresse:** Lienvegen 288/ 3580 GEILO  
**Adresse:** Lienvegen 109/ 3580 GEILO

**Tiltakstype:** 111 Einebustad

**Tiltaksart:** Endring av bygg bolig - utvendig  
tilbygg større enn 50 m<sup>2</sup>

Søknad motteke: 3.8.2020		Andre opplysninger:	
Grad av utnytting	Matrikkelareal	Bruksareal (BRA)	Bygd areal (BYA)
	Noverande bustad 48 m <sup>2</sup> Tilbygg bustad 53 m <sup>2</sup>	Noverande bustad 54 m <sup>2</sup> Tilbygg bustad 53 m <sup>2</sup>	Noverande bustad 63 m <sup>2</sup> Tilbygg bustad 56 m <sup>2</sup>

### VEDTAK:

1. Med heimel i plan- og bygningslovas § 19-2 blir det gjeve dispensasjon frå pkt. 3.1 i føresegn til arealdelen av kommuneplanen, for tilbygg til bustad på eigedomen 56/21 i LNFR-område i arealdelen av kommuneplanen. Grunngevinga er at tiltaket skjer på bygd bustadeigedom og er i samsvar med retningsliner gjeve forendring og reparasjon av eksisterande bustader i LNFR-område. Dispensasjonen fører ikkje til at omsynet bak planføresegn blir vesentleg satt til side, og fordelane med dispensasjon er klart større enn ulempene ved at det er positivt for samfunnsinteressene at eksisterande bustadhus i bygdene blir tatt i bruk til slikt føremål.

2 Med heimel i plan- og bygningsloven §§ 20-3 og 21-4 blir igangsettingssøknaden for riving av uthus og tilbygg til bustadhus godkjent på fylgjande vilkår:

- Dersom det under anleggsarbeidet eller anna verksemd dukkar opp automatisk freda kulturminne, må arbeidet straks stogkast og kulturavdelinga i fylkeskommunen varslast. Jf. kulturminneloven § 8.2.
- Løynet fell bort om arbeidet ikke er satt i gang innan 3 år. Det samme gjeld om arbeidet stansar i lenger tid enn 2 år. Jf. plan- og bygningslovas (pbl.) § 21-9.
- Bygningsavfall skal leverast til godkjent mottak.
- Før tiltaket blir tatt i bruk må det sendast inn søknad om ferdigattest eller mellombels bruksløyve. Jf. pbl. §21-10.

<b>Erklæring av ansvarsrettar:</b>
------------------------------------

Ansvarlig søker er ansvarleg for at tiltaket er dekt med ansvarsrettar for SØK, PRO, UTF og eventuelt KONT. Jf. pbl. § 23-4. Ansvarleg søker skal syte for at kommunen til kvar tid har den oppdaterte gjennomføringsplanen, se til at alle ansvarsområder er dekt og at endringar, manglar og opphør av ansvarsretter meldast til kommunen. Jf. SAK10 § 12-2 bokstav d, jf. pbl. § 23-8.
---

Jf. § 23-3 i pbl. kan kommunen frata føretak ansvarsrett. Ansvarsrett fell bort ved vedtak om ferdigattest, men kommunen kan gje pålegg om retting eller utbedring innan fem år etter at det er gjeve ferdigattest.

Kommunen plikter å føre eksisterende og ny bygningsinformasjon i Matrikkelen jf. matrikkellova § 25 1. ledd.

### Saksopplysingar:

Det er sendt inn søknad om tilbygg bustadhuset si austfasaden, noko som gjer at eit uthuset på eigedomen og må rivast. Eigedomen ligg i LNFR område i arealdelen av kommuneplanen, og i slike område kan det bare førast opp bygg knytt til stadbunden næring, og det er søkt om dispensasjon frå arealføremålet for å kunne gjennomføre planlagt utviding av bustaden. Primært ut frå at det er trong til fleire soverom.

### Vurdering:

Ein søknad om dispensasjon handsamast etter reglane i plan- og bygningslovas § 19-2. Det er her m.a. krav om at for å kunne gje dispensasjon må denne ikkje vesentleg setja til side føremålet til planføresegnene eller arealbruken vist i plan, og fordelane med å gje dispensasjon skal vera klart større enn ulempene.

Tiltaket skjer på bygd bustadeigedom, og omsynet bak planføresegn blir dermed ikkje vesentleg satt til side. Det er positivt for samfunnsinteressene at eksisterande bustadhus i bygdene blir tatt i bruk til slikt føremål.

Med helsing

Julia Rauschenbach for  
Trond B. Augunset  
leiar plan og utvikling

Borgar Underdal  
byggesaksbehandlar

Godkjent og ekspedert uten underskrift

**Høve til å klage**

Vedtaket kan påklagast til Fylkesmannen i Oslo og Viken. Klage skal stilast til Fylkesmannen, men skal sendast til kommunen. Klagefristen er 3 veker, rekna frå den dagen vedtaket kom fram. De må opplyse datoen for mottak av vedtaket, kva for vedtak de klager på, endringar de ynskjer, og dei grunnar klagen støttar seg på. Klagen må vera underskriven.

Sjølv om det er høve til å klaga, kan vedtaket vanlegvis gjennomførast straks. De kan søkja om å få utsatt iverksetjing til klagefristen er ute, eller til klagen er handsama. Vedtak om utsatt iverksetjing kan ikkje påklagast.